

Svineinfluensa - informasjon frå Helseavdelinga - 03.08.09

Det er nå registrert fleire tilfelle av den såkalla svineinfluensaen i landsdelen. Ein reknar med at det vil bli fleire tilfelle av den nye influensa A (H1N1) utover summaren og hausten

Kommuneoverlegen ønskjer å avgrense smitta mest mogleg og oppmodar alle som kan ha den nye influensa A å ta kontakt med legekantoret på telefon. Ein skal altså ikkje møte direkte opp på legekantoret, men ringe 37 93 86 70 for ei vurdering og eventuell timeavtale. Dette for best mogleg avskjerming mellom influensapasientar og andre.

Kva symptom kan den nye influensa A gi?

Typiske symptom på influensa A er feber (over 38 grader), hovudverk, verk i kroppen, sår hals og tørrhoste.

Er den nye influensa A farleg?

Den nye influensaen ser ikkje ut til å gi meir alvorleg sjukdom enn vanlege sesonginfluensavirus. Enkelte grupper viser seg å være meir utsette for komplikasjonar enn andre. Desse personane har oftast ein sjukdom som påverkar lungefunksjonen eller immunforsvaret. Sjå oversikt over risikogrubbene under.

- Personar som er 65 år eller eldre
- Vaksne og barn med alvorlege luftvegssjukdommar, spesielt personar med nedsett lungekapasitet
- Vaksne og barn med kroniske hjarte/karsjukdommar, spesielt personar med alvorleg hjartesvikt, lavt minuttvolum eller pulmonal hypertensjon
- Vaksne og barn med nedsett infeksjonsresistens
- Vaksne og barn med diabetes mellitus (både type 1 og type 2)
- Vaksne og barn med kronisk nyresvikt
- Bebuarar på alders- og sjukeheim
- Gravide
- Personar med nedsett mekanisk ventilasjonskapasitet pga ekstrem overvekt eller kronisk, alvorlig nevrologisk sjukdom

(Risikogrupper vurdert per 20/7 -09 av Folkehelseinstituttet)

Når tar du kontakt med legekantoret?

Ta kontakt med legekantoret på telefon dersom du har symptomane som er nemnde over og i tillegg :
har vore i kontakt med andre som er influensasjuk
har vore i utlandet eller vore i kontakt med andre som har vore i utlandet
tilhøyrer ei av dei nemde risikogrubbene

Kan du vaksinerast mot influensa A (H1N1)?

Vaksine mot influensa A (H1N1) er under produksjon, men er ikkje klar før i november/desember.

Slik smittar influensa

Smitteoverføring skjer ved hosting, nysing, og nær kontakt med sjuke menneske

Influensaviruset finn du i luftvegane. Smittefare er difor størst dersom den sjuke hostar eller nys rett på ein person, slik at viruset overførast til den friske sine slimhinner.

Den sjuke kan også få viruset på hendene. Viruset kan overførast frå hendane til gjenstandar (dørhandtak o.l.) der det kan leve eit par timer. Andre kan få viruset på hendane og fører det inn i nase eller munn, men sjansen for å bli smitta på denne måten er liten.

Slik beskyttar du deg mot influensasmitte

Hald hendane reine. Vask deg grundig med såpe og vatn, spesielt når du har vore ute blant folk.

Handdesinfeksjon med alkoholhaldige midlar er eit godt alternativ når handvask ikkje er mogleg, t.d. på reise

Unngå å ta deg til munnen, nase og auge med uvaska hender når du er ute blant folk.

Bykle kommune følgjer utviklinga av svineinfluensa nøye og held fram med beredskapsarbeidet.

Kommunen held tett kontakt med helsemyndigheitene og følgjer opp dei meldingar og råd som vert gjevne. Oppdatert informasjon om svineinfluensa med tips finn du med anna på nettsida til

Folkehelseinstituttet og på www.pandemi.no

Stein Vabo - Kommuneoverlege